



Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet

Vår ref.:  
2016/92-2 | Sækhandsamar:  
Ann Ebeltoft  
ann.ebeltoft@bykle.kommune.no | Dato  
19.02.2016

## Melding om vedtak

Høyringsuttale; Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

### Rådmannen si tilråding:

1. I respekt for den lokale sjølvråderetten må eit nytt inntektssystem utformast slik at det har nøytral innverknad med omsyn til vidare arbeid med kommunestruktur.
2. I det nye inntektssystemet bør det også innarbeidast ein kostnadsnøkkel som tek opp i seg tenester som vert ytt til brukarar av fritidsbustader.
3. Den lokale beskatningsretten bør styrkast.
4. Det må innførast ei verdisikring av det eksisterande skatte- og avgiftsprovenyet som gjeld for bruk av lokale naturressursar.

### Saksprotokoll i Kommunestyre - 18.02.2016

#### Behandling:

Saka vart drøfta

#### Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Med helsing  
Bykle kommune

Ann Ebeltoft  
økonomisjef

Arkiv: 230  
Saksmappe: 2016/92-1  
Sakshands: Ann Ebeltoft  
Dato: 01.02.2016

## Saksframlegg

Bykle kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
17/16	Kommunestyre	18.02.2016

## Høyringsuttale; Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

### Rådmannen si tilråding:

5. I respekt for den lokale sjølvråderetten må eit nytt inntektssystem utformast slik at det har nøytral innverknad med omsyn til vidare arbeid med kommunestruktur.
6. I det nye inntektssystemet bør det også innarbeidast ein kostnadsnøkkel som tek opp i seg tenester som vert ytt til brukarar av fritidsbustader.
7. Den lokale beskatningsretten bør styrkast.
8. Det må innførast ei verdisikring av det eksisterande skatte- og avgiftsprovenyet som gjeld for bruk av lokale naturressursar.

### Saksprotokoll i Kommunestyre - 18.02.2016

#### Behandling:

Saka vart drøfta

#### Vedtak:

Tilrådinga vart samråystes vedteke

## SAKSUTGREIING

### Samandrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut til høyring «Forslag til nytt inntektssystem for kommunene». Høyringsfrist er 1.mars 2016.

### Bakgrunn for saka

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut til høyring «Forslag til nytt inntektssystem for kommunene». Høyringsfrist er 1.mars 2016. Framlegget ligg som vedlegg 1 til saka. Forslaget går på endringar av kostnadsnøklar for utgiftsutjamning, endring av småkommunetilskot og distrikstilskott og innføring av ein modell som skil mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon og administrasjon.

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har gjeve ein kommentar til sine medlemskommunar og framlegget til nytt inntektssystem. Denne ligg som vedlegg 2 i saka.

Telemarkforsking har på vegne av kommunane Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle utarbeida eit notat (vedlegg 3 til saka) som går i detalj på kva framlegget til nytt inntektssystem vil si for den einskilde av dei 5 kommunane.

### **Formelt grunnlag**

Kommunestyret avgir høyringsuttale.

### **Vurderingar og konsekvensar**

Inntektssystemet er under stadig endring. Framlegget som no er på høyring vil ikkje gje negative konsekvensar for Bykle kommune. Endringane i kostnadsnøklar slår ikkje ut i vesentlig grad for oss. Framlegget til endring som går på ufrivillige smådriftsulempar er ikkje negativt for oss. Avstandane til større sentra vil nok også i tid framover være lange, uavhengig av eventuell framtidige kommunenesamanslåing.

Bykle kommune har god inntekt, og per i dag vert rammetilskuddet utjamna på grunn av høg skatteinntekt. Det kan nevnast at for 2016 skulle Bykle kommune ut i frå noværande objektive kriteriar ha motteke ca kr. 35,2 millionar i rammetilskott. Netto rammetilskott er frå staten berekna til ca 8,9 mill. Gjennom utjamningsordningar i inntektssystemet vert kommunen altså trekt for ca 26,3 mill. Desse ca 26 millionar nyt andre kommunar godt av.

Det som har stor verknad for Bykle kommune, og som også LVK framhevar, er at det er viktig at kommunar som avstår verdifulle naturressursar til storsamfunnet har eit legitimt krav på ein del av den verdiskapinga som finn sted. Skatte- og avgiftsordningar som i dag vert halde utanfor inntektsutjamninga, som eksempelvis eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft, må haldast utanfor også i framtida. Missar vi desse inntektane, misser vi mykje av grunnlaget for å kunne gi tenester til våre innbyggjarar.

I pkt 7 i høyringsutkastet tar ein dette opp. « Et av prinsippene for finansieringen av kommunesektoren er hensynet til det lokale selvstyret. Dette innebærer at kommunesektoren bør ha økonomisk selvstendighet og mulighet for å beholde en andel av inntekter og verdier som skapes i eget lokalsamfunn....». I Bykle kommune sin økonomiplan 2016-2019 er dette tema berørt. Sitat «Det er viktig å få fram samanhengane mellom den prisen lokalsamfunnet har betalt, og den rettmessige godtgjeringa i form av skatta og avgifter som kjem ut i den andre enden av desse utbyggingane, og som er eit avgjerande grunnlag for vidare drift og utvikling av Byklesamfunnet.»

Det er i høyringsframlegget ingen konkrete framlegg til endingar i dagens modell for skatt og skatteutjamning. Når det gjeld ny modell for selskapsskatt vises det til kommuneproposisjonen for 2017.

### **Konsekvensar for folkehelse**

Bykle, 09.02.2016.

Tallak Hoslemo  
Rådmann

#### **Vedlegg**

- 1 KMD ; Forslag til nytt inntektssystem for kommunene
- 2 LVKs kommentar
- 3 Notat frå Telemarkforsking

### **Melding om vedtak sendast: KMD**